

## BILREBUS 17. MAI 2021

På kvar plass finn du ein bokstav. Desse skal til saman bli eit løysingsord. Heile ruta er ca. 50 km, men du behøver ikkje køyre alt på ein gong eller i rekkefølgje. Innleveringsfrist klubbhuset til Tonstad IL klokka 18.00. Trekking av vinnarar 18. mai.

1. Det er meir enn ein høvel til ny dør som manglar i det eldste våningshuset på Tonstad, men området får eit etterlengta løft.

På stolpe mot veg. **Bokstav:** \_\_\_\_\_



*Frå den gamle krambua i kjellaren.*

2. Her låg Ramslibåten i eige hus fleire år etter restaurering. I dag bortgøymd og gløymd? På infoskilt.

**Bokstav:** \_\_\_\_\_

3. Godt opplyst stad med store brytarar høgt oppe i lufta. Bygd på 60-talet - «Høgspenning livsfare». På infoskilt.

**Bokstav:** \_\_\_\_\_



4. Ungdom og vaksne har reist hit helger og feriar alt frå 1960-talet. I dag også god og mykje nytta overnattingsstad for kreti og pleti. På stolpe.

**Bokstav:** \_\_\_\_\_

5. Rasteplass med fin dam frå byrjinga av 20-talet. Den gamle hovudleverandøren av straum til Tonstad leverer snart igjen til ei lampe på kjøkenet, separator og sag. På infoskilt.

**Bokstav:** \_\_\_\_\_

6. Innkørsel frå nord til område på 43 200 m<sup>3</sup> med spenningsnivå frå 300-420 kV. Angela Merkel og Erna Solberg står klar til å slå på straumen. På stolpe.

**Bokstav:** \_\_\_\_\_

7. Den lengste steinkloppa i Vest-Agder, 20 m lang og 2,5 m brei på seks spenn. Ljosviddene er frå 0,8 til 2 m breie og går over elva Gjosa. Post på skilt på ny bru.

**Bokstav:** \_\_\_\_\_



8. Køyrrer du forbi «Kanaans land» kjem du til ei grend som er meir kjend for ein stor årleg basar enn at dei selde (?) bjørnespydet etter Sigurd Jarlsson (f. 1168 i Etne). Eit bjørnespyd som var gitt i gåve til folket frå Fidjeland som takk for hjelp etter flukta frå Kong Sverre.  
Har du kjøpt lodd i år? På stolpe i kryss.


**Bokstav:**\_\_\_\_\_

9. På slutten av 90-talet var kommunestyret opptatt av om det skulle vere ein eller to S-ar. Men Torkel K. var mest opptatt av ver og vind, jakt og innhausting i lesarbrev over 50 år. På stolpe.

**Bokstav:**\_\_\_\_\_

10. Mellom Hemså og «Eilevsgjelå», eller «St. Olavs-gjelå», der Heilag Olav reiste gjennom med skipet sitt, finn du bedehuset med ein internasjonal rekkefølge på skiltinga. På busstur.

**Bokstav:**\_\_\_\_\_



11. Ny aktivitetspark for framkomstmiddel med to eller fire hjul. På stolpe.

**Bokstav:**\_\_\_\_\_

Eit aktuelt løysingsord:

\_\_\_\_\_

Namn på deltakarar i bilen:

Telefonnummer til sjåfør:

Reg nummer:

Kun eit svarark per bil!